

# ÅRSMELDING 2016

## NORDDAL KOMMUNE



## Innhold

Rådmannen sine kommentarar .....	3
Innleiing .....	3
Utvikling kommuneøkonomien o.a.....	3
Hovudutfordringar og mogelegheiter framover .....	4
Befolkning, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal .....	6
Måloppnåing.....	6
Folketal.....	6
Økonomiske nøkkeltal og analysar .....	6
Driftsrekneskapen 2016 –hovudtal.....	8
Investeringar 2016.....	9
Balanserekneskapen .....	9
Tenestene.....	10
Sentraladministrasjon .....	10
Økonomiske resultat rådmann.....	10
Mål .....	10
Årsverk .....	11
Økonomiske resultat fellestene .....	14
Utfordringar i tida som kjem .....	14
Skule, barnehage, kultur og barnevern .....	15
Mål .....	15
Årsverk .....	19
Økonomiske resultat.....	19
Utfordringar i tida som kjem .....	19
Helse og omsorg.....	21
Mål .....	21
Årsverk .....	21
Økonomiske resultat.....	21
Utfordringar i tida som kjem .....	22
Teknisk, næring og miljø .....	24
Mål for eit samla TNM.....	24
Årsverk .....	25
Økonomiske resultat.....	27
Utfordringar i dei nærmaste åra for eit samla TNM.....	29
Kommunestyret - saker i 2016 .....	31
Utvalde nøkkeltal KOSTRA .....	35

## Rådmannen sine kommentarar



### **Innleiing**

2016 har på mange vis vore eit godt år for Norddal kommune. To store hendingar er i særklasse positive. Det gjeld opninga av Valldal Fjordhotell og at Martin Linge-huset vart tatt i bruk. Norddal kommune si nye storstove vart høgtidleg opna med brei deltaking frå frivillige lag og organisasjonar og med prominente gjestar til stades. Martin Linge-huset er ei stor investering som vil vere eit viktig bidrag for trivsel og utvikling på mange ulike vis i åra som kjem. Valldal Fjordhotell er med si sentrale plassering i Valldal sentrum eit viktig tilskot til heilårlege arbeidsplassar og eit kjærkome tilvekst til reiselivsnæringa i Norddal kommune. Valldal Fjordholtell er også eit godt døme på praktisk samhandling for samfunnsutvikling mellom offentleg og privat sektor der ein ved godt samarbeid over år finn gode løysingar for alle partar.

### **Utvikling kommuneøkonomien o.a.**

#### **Utvikling kommuneøkonomien**

Arbeidet med kommuneøkonomien har vore eit prioritert område også i 2016. Det er difor gledeleg å sjå at dette arbeidet gir resultat og at Norddal kommune gjekk med ca. 1 million i «overskot». Det er no særsviktig å ha balanse i drifta då Norddal kommune ikkje lenger har driftsfond å tære på. Over relativt kort tid har ein lukkast med å få balanse mellom inntekter og utgifter, samstundes som hovudstrukturen innan det kommunale tenestetilbodet er intakt. Samla er dei årlege driftskostnadane redusert med om lag 10 millionar kroner. Dette har vore mogeleg gjennom felles innsats der tilsette og leiarar i fellesskap har tatt eit betydeleg ansvar for å endre kurser i samsvar med politiske føringar og vedtak.

## Årsmelding 2016

### **Arbeidsmiljø:**

Arbeidsmiljøutvalet har i 2016 hatt 4 møter og handsama 12 saker. Fleire av desse sakene er knytt til arbeidet med budsjettredusjon og dei organisatoriske endringane det har medført i form av endra arbeidsoppgåver og nedbemannning. Dette har vore krevjande prosessar for alle involverte. I desember gjennomførte Arbeidstilsynet tilsyn som resulterte i at det vart gitt fem pålegg. Det har også vore møter mellom tillitsvalde og leiinga i samsvar med Hovudavtalen.

Hausten 2016 vart det sett i gong eit eige program for leiaropplæring i Norddal kommune. Dette programmet er for leiarar på alle nivå i organisasjonen og har 22 deltagarar.

Programmet vert avslutta i desember 2017 med eksamen i regi av NTNU. Formålet med kurset er å gjere samhandlinga i organisasjonen betre samstundes som kvar einskild leiar får teoretisk kunnskap og praktisk trening i leiarskap i høve til sine daglege oppgåver.

### **Kommunereform:**

Arbeidet med kommunereform har også i 2016 vore ein sentral del for kommunen sitt arbeid. I desember vart det signert intensjonsavtale og gjort vedtak om at Norddal og Stordal skal slå seg saman med verknad frå 1. januar 2020.



### **Hovudutfordringar og mogelegheiter framover**

For Norddal kommune er det fleire sentrale utfordringar. Den største og viktigaste er at det over fleire år har vore ein nedgang i folketalet. I 2016 hadde folketalet i Norddal kommune ein auke på 11. Dette er svært gledeleg og det arbeidast aktivt på alle felt for å sikre at denne auken held fram. Dei seinare åra syner statistikken at det har vore ein nedgang i samla folketal. Utviklinga har vore ulik mellom krinsane. Der det er vedvarande nedgang påverkar det alderssamansetninga i befolkninga ved at det vert stadig fleire eldre i høve til den yrkesaktive alderen. Dette gir oss reelle utfordringar med omsyn behov for kommunale tenester samstundes som rekrutteringsgrunnlaget vert redusert.

## Årsmelding 2016

Den andre hovudutfordringa er knytt til kommuneøkonomi, der Norddal kommune må tilpasse seg eit lågare inntektsnivå enn det ein har hatt då inntektene knytt til kraftproduksjon truleg vert låge i mange år framover. Dette gjer at ein må sjå på både tenestestruktur og kva rolle kommunen skal ha. Samhandling med frivillige lag og organisasjonar vert truleg enda viktigare framover.

Eit anna viktig område å ha fokus på er infrastruktur. Det gjeld både bilvegar for å sikre inn- og utpendling, men også digitale «vegar» i form av fiber og gode internetsamband. Digitalisering vil påverke både privat og offentleg sektor på gjennomgripande vis i åra framover.

Samanslåinga mellom Norddal og Stordal kan gi ny energi til vekst og samfunnsutvikling. Denne historiske sjansen til å bygge noko nytt med utgangspunkt i alt ein har frå før gir grunnlag for optimisme. Dei to kommunane utfyller kvarandre på ein god måte og i sum vil ein få eit resultat som er større enn kva ein kan få til kvar for seg. Dette gjeld både innan kommunal tenestytting og samfunnsutvikling. Med utgangspunkt i det ein har gjort tidlegare og dei mogelegeitetene som kjem er det soleis god grunn til optimisme når det gjeld vekst og utvikling for vårt område i åra som kjem.

## Befolknings, økonomiske hovudtrekk og nøkkeltal

### Måloppnåing

Opphavleg budsjett hadde som mål å drifte med årets inntekter. Låge kraftprisar ga reduksjon i rammene. Etter at rekneskapen for 2015 var avslutta vart overskotet lagt inn i ramma for 2016. Kommunalsjefane hadde budsjettrammer som det var krevjande å halde seg innafor. Gjennom året har det vore prognose for meirforbruk på sektorane. Det er gledeleg at frie inntekter, finansinntekter og –utgifter har bidrege til at ein fekk eit positivt resultat på om lag 1 million.

### Folketal

Folkemengde etter grunnkrets	2013	2014	2015	2016	2017	Endring 2013-16	Endring prosent
15240101 Muri	355	340	325	326	338	-17	-4,8
15240102 Sylte	171	154	147	146	153	-18	-10,5
15240103 Uri	150	140	143	149	147	-3	-2,0
15240104 Gjerde	211	212	238	235	223	12	5,7
15240105 Alstad	74	75	72	66	64	-10	-13,5
15240106 Fjørå	161	161	154	155	148	-13	-8,1
15240107 Tafjord	106	101	99	94	100	-6	-5,7
15240108 Dalsbygda	149	145	146	150	151	2	1,3
15240109 Eide	106	103	102	98	101	-5	-4,7
15240110 Rønneberg	84	86	86	87	90	6	7,1
15240111 Ytterdal	169	166	161	142	146	-23	-13,6
15249999 Uoppgitt grunnkrets	3	2	3	4	2	-1	
	<b>1739</b>	<b>1685</b>	<b>1676</b>	<b>1652</b>	<b>1663</b>	<b>-76</b>	<b>-4,4</b>

### Økonomiske nøkkeltal og analysar

#### Frie inntekter

Rammetilskotet skal dekke ulike oppgåver som kommunane får. I 2012-2014 var medfinansiering av helseføretaka ein del av rammetilskotet. Ein kan derfor ikkje samanlikne dei ulike åra ettersom kommunen har fått tildelt ulike oppgåver.

Det vart stor auke i skatteinntektene i 2016 i forhold til dei siste åra, og ein stor nedgang i inntektene frå konsesjonskraft.

beløp i 1000 kroner	2012	2013	2014	2015	2016
Rammetilskot	66 926	67 059	69 926	69 311	70 175
Skatt på formue og inntekt og naturressursskatt	41 694	43 840	43 261	43 658	45 958
Eigedomsskatt	19 866	21 925	21 868	21 012	20 116
Konsesjonskraft	9 230	7 294	7 975	7 149	3 686
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>137 716</b>	<b>140 118</b>	<b>143 030</b>	<b>141 130</b>	<b>139 934</b>

## Årsmelding 2016

### Kraftinntekter

Norddal kommune har inntekter som er knytt til kraftproduksjon. Desse inntektene er redusert med 5 millionar kroner det siste året.

Konsesjonsavgifta skal nyttast til næringsutvikling i kommunen, og kan ikkje brukast til andre driftsoppgåver.

beløp i 1000 kroner	2012	2013	2014	2015	2016
Konsesjonsavgifter	2 780	2 761	3 055	3 031	3 031
Naturressursskatt	10 131	10 407	10 199	9 757	9 329
Eigedomsskatt på kraftproduksjon og nett	19 571	21 630	21 573	20 720	19 854
Konsesjonskraft	9 230	7 294	7 975	7 149	3 686
Aksjeutbytte Tafjord	3 256	3 741	3 806	1 738	1 240
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>44 968</b>	<b>45 833</b>	<b>46 608</b>	<b>42 395</b>	<b>37 140</b>



### Finans

Finansinntekter og finansutgifter er vesentleg endra i 2016 på grunn av at tidlegare år var finanspostane som vedkom eigedomsselskapet ikkje teke med i kommunen sitt rekneskap.

Rentenivået var svært lågt i frå april og ut mot hausten. Siste del av året var det ein oppgang. Oppgangen gjorde at vi ikkje fekk tap på elverkfondet.

## Årsmelding 2016

Ansvarleg lån til Tafjord Kraftproduksjon på 14 millionar har rentevilkår Nibor 6 mnd pluss 2 prosent.

<b>Finansinntekter i 1000 kr</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Renteinntekter bank	379	265	357	310	304
Rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken					676
Renteinntekter Tafjord Kraft AS	406	397	545	487	455
Aksjeutbytte	3 362	3 741	3 806	1 738	1 271
Utbytte/gevinst Elverkfondet	1 366	2 572	1 138	1 238	1 143
<b>Finansinntekter</b>	<b>5 513</b>	<b>6 975</b>	<b>5 846</b>	<b>3 773</b>	<b>3 849</b>

<b>Finansutgifter i 1000 kr</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Renteutgifter	3 109	3 301	3 167	2 606	5 330
Tap på finansielle instrumenter				1 640	0
Avdragsutgifter	5 016	5 865	6 303	6 557	11 624
<b>Renter og avdrag</b>	<b>8 125</b>	<b>9 166</b>	<b>9 470</b>	<b>10 803</b>	<b>16 954</b>

## Driftsrekneskapen 2016 –hovudtal

Frå skjemaet økonomisk oversikt - drift har vi dette samandraget:

beløp i 1000 kr	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>
Driftsinntekter	-186 555	-187 860	-188 687	-191 096	-194 619
Driftsutgifter	189 802	191 138	194 414	192 325	192 882
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>3 247</b>	<b>3 278</b>	<b>5 727</b>	<b>1 228</b>	<b>-1 737</b>
Eksterne finanstransaksjonar	2 741	2 155	3 670	7 181	13 796
Motpost avskriving	-4 615	-5 672	-5 421	-5 383	-13 206
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>1 373</b>	<b>-240</b>	<b>3 976</b>	<b>-3 026</b>	<b>1 148</b>
Bruk/avsett til fond	-1 864	1 840	-3 976	3 778	-112
Overført til investering	491	1 981	0	0	0
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>-3 581</b>	<b>0</b>	<b>752</b>	<b>1 035</b>

Driftsutgiftene var i 2014 194 millionar. Med tre prosent løns- og prisstigning og justering for medfinansiering av helseføretaka ville driftsutgiftene ha vore om lag 204 millionar dersom det ikkje hadde vore sett i verk tiltak for å ta ned driftsnivået. Det vil seie at driftsnivået er redusert med 10 millionar dei to siste åra.

## Investeringar 2016

<b>Brutto investering 2016</b>	
eKommune Sunnmøre - digitalisering	47 497
IKT-investeringar	455 365
Vegkryss Ødegård asfaltering	293 047
Fjernvarmetilknyting - idrettshall/kulturhus	438 208
Fjernvarmetilknyting - hotell	386 200
Muriparken	1 293 215
Kjøp av leasa bilar	478 430
Idrettsbane Eidsdal	90 564
Brannvesen - nødnett og anna utstyr	157 651
Produksjonsanlegg varme/kulde	93 755
ENØK tiltak SD anlegg	19 687
Martin Linge huset	22 328 231
Martin Linge Huset - oppgradering kulturhus	1 221 247
Syltebøen barnehage - mindre tiltak	323 669
	<b>27 626 766</b>

Fleire av prosjekta som det var gitt løyving til er ikkje kome i gang.

## Balanserekneskapen

Det er stor auke i balansepostane på grunn av at verdiane eigedomsselskapet vart overført til kommunen i 2016.

beløp i 1000 kr	<b>Rekneskap 2016</b>	<b>Rekneskap 2015</b>
Anleggsmidlar	696 034	441 630
Omløpsmidlar	65 269	88 996
<b>Sum egedelar</b>	<b>761 303</b>	<b>530 626</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>		
Eigenkapital	-150 648	-63 256
Langsiktig gjeld	-581 423	-415 061
Kortsiktig gjeld	-29 232	-52 310
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>-761 303</b>	<b>-530 626</b>
<b>Memoriakonto:</b>		
Ubrukte lånemidlar	4 783	5 754

Langsiktig gjeld består av pantegjeld og pensjonsforpliktingar. Lånegjelda er på 292 millionar. Samla for kommunen og eigedomsselskapet var lånegjelda på 304 millionar per 31.12.2015.

## Tenestene

### Sentraladministrasjon

#### Økonomiske resultat rådmann

Rådmann	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Politisk styring	1 329 081	1 478 000	148 919	11
Revisjon	642 346	687 000	44 654	7
Rådmannsleiring	1 625 590	1 763 470	137 880	8
Reservert lønnsoppgjør	0	239 875	239 875	0
Pensjonspremieavvik	-1 151 409	-623 000	528 409	-46
Kyrkja	1 530 000	1 530 000	0	0
Andre livssyn	24 115	54 000	29 885	124
<b>Sum</b>	<b>3 999 723</b>	<b>5 129 345</b>	<b>1 129 622</b>	<b>28</b>

### Fellestenestene

#### Mål

Oppgåvene som er lagt til fellestenestene skal ha eit høgt fagleg nivå. Heilskapstenking skal vere i fokus, og servicetanken skal vere godt forankra i utføring av tenestene.

Organisasjonen er i stadig utvikling, ei framtidig målsetting er at tenestene til publikum skal tilpassast for å tilfredsstille eit digitalt førstevål med døgnopen forvaltning. Interntenestene skal utviklast slik at optimal flyt blir sikra, roller og ansvar skal vere tydeleg skissert og fordelt.

Arbeidsfeltet for fellestenestene er omfattanda og relatert til støttefunksjonar, saksbehandling for fagområda, utviklingsoppgåver, publikumskontakt m.m.

Fellestenestene er ei eigen avdeling i rådmannen sin stab og omfattar:

- Økonomiavdelinga
- Personalfunksjon
- Servicetorget
- Informasjon
- Beredskap
- Flyktningtenesta
- IT (kjøpte tenester hos eKommune)

## Årsmelding 2016

### Årsverk

Årsverksplan faste stillinger	Årsmelding 31.12.2013	Årsmelding 31.12.2014	30.09. 2015	Jan/april 2016	Årsmelding 31.12.2016	Innan 31.12.2017
Fellestenester	11,2	10,7	8,7	8,7	8,7	7,5
Informasjon og beredskap	0,2	0,2	0,6	0,6*	0,4	0,4
Flyktningeteneste				1,0	1,0	0,5
Sum Fellestenester	11,4	10,9	9,3	10,3	10,1	8,4



### Administrative/faglege resultat

#### Økonomiavdelinga

I tillegg til økonomisjef har ein i 2016 hatt 1 stilling som konsulent lønn, 50/50 stilling som personal- og økonomikonsulent samt ein 1 stilling knytt til rekneskap og faktura i servicetorget. I samband med prosessen kring nedbemanning er det gjort nokre endringar i høve samansetting og avdelingstilknytting ved årsskiftet 2016-2017.

## Årsmelding 2016

Innan fagområde for økonomi har ein gjennom året gjennomført omstillingar/utvikling knytt til utvikling av elektroniske løysingar, m.a: elektronisk handtering av faktura (EHF). Ein har oppnådd ein betydeleg nedgang i mottak av papirfaktura, som gjer behandlinga meir rasjonell. Det er også innført elektronisk flyt av filer for variabel lønn frå pleie-omsorg som erstattar manuell punching. Fleire digitaliseringstiltak er under planlegging. Utviklinga er merkbar, men ein ser at det likevel krevst god oppfølging, kompetanse, kontroll og rapportering.

### Personalfunksjonen

Arbeidsområdet er hovudsakleg innan rekruttering/tilsetting, pensjonskontakt, HMS og forsikring. Personalfunksjonen skal vere ein støttefunksjon for kommunalsjefar og einingsleiarar. Innan rekruttering/tilsetting har ein i 2016 teke i bruk ny modul (webcruiter) som erstattar tidlegare modul for tilsetting. Med denne løysinga kan ein nå ei langt større søkermasse og det ligg eit stort utnyttingspotensiale i programmet. I tillegg har utgifter til annonsering vorte vesentleg redusert.

Sidan ein ikkje har eit kvalitetssystem for HMS som stettar dagens krav, ligg det vesentlege utfordringar i dette arbeidet. Leveranse for bedriftshelsetenesta skal ut på ny anbodsrunde våren 2017, denne tenesta inngår ikkje i felles innkjøpsavtale.

### Servicetorget

Tenestene i servicetorget er omfattande i innhald og form, og inneber både publikumsretta tenester og interne tenester. Det blir utført saksbehandling innan fleire fagfelt og felles informasjon og interne rutiner blir følgd opp. Servicetorget har også funksjon som beredskapssekretariat.

- Politisk sekretariat står for samordning, saksutsending, sekretærarbeidet i møte og utsending av vedtak, samt saksbehandling i enkeltsaker. Ei ekstra oppgåve siste år var gjennomføring av folkerøystinga knytt til kommunereform. Sekretariat for ungdomsrådet har no også blitt tillagt politisk sekretariat.
- Dokumentsenteret er ansvarleg for dagleg handtering, elektronisk registrering og arkivering av dokumentasjon som skal bevarast i framtida. Betydninga kring rett registrering og fullført saksbehandling er alfa-omega i denne samanhengen. Det blir stilt strenge krav gjennom lovverk om korleis dokumentfangst skal foregå. I 2016 har kommunen hatt tilsyn frå Statsarkivet, der fristen for opprettning av avvik er sett til ulike tidspunkt i løpet av 2017. For å kunne utføre ei fagleg forsvarleg arkivteneste er det viktig å ha tilstrekkeleg kunnskap kring fagfeltet. Nye krav og endring i lovverk er under utarbeiding, jf. høyring på utkast til ny arkivforskrift våren 2017. Arkivleiar har ansvar for langsiktig planlegging av arkivtensta i organisasjonen. For meir informasjons om rutiner og retningslinjer, sjå [www.arkivplan.norddal.kommune.no](http://www.arkivplan.norddal.kommune.no) Arkivplanen er under kontinuerleg oppdatering og gir oversikt over alt frå daglege rutiner, arkivseriar, it-system, interkommunale

## Årsmelding 2016

samarbeid osv. I vår digitale kvardag er det viktig at verdfull dokumentasjon blir arkivert i saka det tilhøyrer. Sidan mykje korrespondanse foregår via epost og sms er det særskilt viktig at slik informasjon blir teken vare på der dette inngår som vesentleg betydning i den enkelte saka.

Kommunen er tilslutta Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS. Deira slagord er «*Fortid og notid for framtid*». Arkivarbeidet er nettopp eit arbeid for framtida!

- Teknisk fagområde Arbeid knytt til vedlikehald av avgiftsgrunnlag og innkreving av kommunale avgifter er eit viktig område innan fagfeltet, og det er ein føresetnad at ulike samarbeid med m.a. ÅRIM er velfungerande. At oppdatert planverk ligg føre, ajourhald i matrikkelen gjennomført m.m., er ein føresetnad for å kunne yte god service. Betalingssatsar er no lagt ut i eit samla dokument på heimesida, noko som også gjer det lettare for publikum å orientere seg om gjeldande gebyr. Eit ordningsprosjekt knytt til digitalisering av eldre eigedomsarkiv vil vere eit «must» for uthenting av informasjon i framtida.
- Landbruk Arbeid knytt til tilskotsordningar og stønadsordningar innan landbruket blir utført av saksbehandlarar i servicetorget. Det er oppbygd god kompetanse innan feltet dei siste åra, og det er kjent at det blir ei omlegging av ordningane i inneverande år. Pålagte prøvar innan plantevern og jegerprøveeksamen er og oppgåver som blir samordna av saksbehandlarar i servicetorget, samt ajourhald og kontrollar m.m.

### Informasjon

Heimesida har siste året blitt oppdatert ved å tilpasse sida til mobil og nettbrett, (responsivt design). Ein har også oppdatert til «Nye innsyn» som gjev ei klårare framstilling av m.a. møtekalender, postliste m.m. Sidan det vart gjort vedtak om å ta bort fast annonsering i lokalavisa er det viktig å vere bevisst på at informasjonen er oppdatert. Meldingar som blir delt på facebook gjenspeglar nyheiter på heimesida og denne informasjonskanalen når ut til aktuelle brukargrupper. Det er knytt 20% stilling som webredaktør til informasjonsområdet. Nyheiter på heimesida og facebook blir også vedlikehalde av servicetorgtilsette.

### Beredskap

Med bussulykka i juli 2016 fekk både kriseleiing og sekretariat praktisere noko av det ein har trent på gjennom øvingar. Sekretariatet deltok også i første dag av øving Åknes i Geiranger.

### Flyktningtenesta

Dette var eit nytt område som vart lagt til fellestjenesta etter mottak av 5 flyktingar frå Eritrea i des. 2015. Busettings- og integreringsarbeidet har blitt samordna av flyktningkonsulenten, delen av introduksjonsprogrammet knytt til undervisning er følgd opp av vaksenopplæringa på Valldal skule.

## Årsmelding 2016

Opphavleg vedtak som gjekk ut på at kommunen skulle ta imot 5 flyktningar også i 2016, vart omgjort. Stillinga som flyktningkonsulent har blitt redusert med 50 prosent frå januar 2017. Ein førebur i desse dagar familiegjenforening for ein av dei 5 flyktningane.

### IT

Kommunen kjøper tenester frå eKommune Sunnmøre, budsjettansvaret er lagt til leiar for fellesnestene. IT er eit gjennomgåande område for heile organisasjonen, og det er viktig med plan for oversikt og framdrift. IT-utvalet vart re-starta i 2016 og er tverrfagleg samansett. Dagleg leiar i eKommune deltek på møta han blir invitert til. Det er viktig at planlegging og strategi som blir lagt i eKommune er foreinleg med det kommunen har av ressursar til investering.

### Økonomiske resultat fellesnestene

Fellesnestene	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Fellesnestester	8 119 418	9 133 715	1 014 297	13
Flyktningsteneste	410 506	-14 200	-424 706	-103
Beredskap	563 516	299 025	-264 491	-47
<b>Sum</b>	<b>9 093 440</b>	<b>9 418 540</b>	<b>325 100</b>	<b>4</b>

### Utfordringar i tida som kjem

- Reduksjon i årsverk – nedbemannning
- Utviklingsoppgåver – nye IT-løysingar
- Kompetansetiltak (særleg IT)
- Oppfølging etter tilsyn frå Statsarkivet
- Ordning og avlevering av papirarkiv (jf. også arkiv frå Norddal kommunale elverk)
- Budsjettdisiplin. Fellesnestene har tidlegare hatt god budsjettstyring. Med dei nedskjeringane som vart gjort i høve budsjettgrunnlaget for 2017 er prognosene meir usikker enn tidlegare

## **Skule, barnehage, kultur og barnevern**

### **Mål**

#### **Mål for ansvarsområdet – kort skildring av tenestene og måloppnåing**

---

Overordna mål for ansvarsområdet  
I tråd med nasjonalt lovverk og lokalt planverk, skal brukarane oppleve at dei får dei tenestene dei har krav på og rett til.

#### **Kort skildringa av tenesta**

##### Skule:

Opplæringa i grunnskulen skal, i samarbeid med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring. Den skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og utvide kjennskap og forståing av den nasjonale kulturarven og vår felles internasjonal kulturtradisjon. Opplæringa skal gi innsikt i kulturelt mangfald, vise respekt for den einskilde si overtyding, fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte. Elevane skal utvikle kunnskap, duglek og haldningars for å kunne meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskarkrong samtidig som dei lærer å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal ha medansvar, rett til medverknad og skal møtast med tillit, respekt, krav og utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

##### Barnehage:

I barnehagane skal det enkelte barn oppleve mestring, leik, læring, kjenne seg inkludert og likeverdig og bli tatt i mot og ivaretatt på ein god måte. Alle skal verte høyrt og få ytre meiningsa si. Dei tilsette skal oppleve glede over arbeidet, stoltheit over yrket og arbeidsplass, og ha meiningsfulle arbeidsdagar, der kompetanse, interesser og evner skal nyttast og utviklast. Foreldre og føresette skal vere viktige samarbeidspartnarar og oppleve muligheter til medverknad i det daglege arbeidet.

##### Kultur:

Verksemda kultur ønskjer å vere ein bidragsytar i arbeidet med å skape det gode liv i Norddal – livskvalitet i samspel med natur og kultur.  
Vi skal marknadsføre og utvikle Norddal kommune som ein god kommune å vekse opp i, og ein god kommune å busetje seg.  
For å lukkast med dette må ein styrkje samhandlinga med frivillige lag og organisasjonar.

Kultursektoren femner om tenester som har mykje å seie for trivsel og livskvalitet; Bibliotek, Frivilligsentral og musikk- og kulturskule.

##### Barnevern:

Norddal kommune er med i interkommunalt barnevern; Storfjorden Barnevern, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

---

PPT:

Norddal kommune er med i interkommunalt PP-teneste; Storfjorden PPT, saman med Skodje, Ørskog og Stordal.

Årsomtale

Sektor oppvekst og kultur:

Etter omorganisering til sektornivå, femnar denne sektoren no om skule, barnehage, sfo, vaksenopplæring, kultur- og musikkskule, frivilligsentral, kulturadministrasjon og bibliotek. I tillegg har sektoren ansvar for samarbeidsavtalane med Storfjorden PPT og Storfjorden Barnevern.



Skule:

Det er to kombinertskular i kommunen: Eidsdal skule med om lag 53 elevar og Valldal skule med 149 elevar. Begge skulane tilbyr SFO. Vaksenopplæringa er lagt administrativt til Valldal skule.

Grunnskulane i Norddal har over fleire år levert grunnskulepoeng heilt i landstoppen, og elevundersøkingane syner god utvikling i høve trivsel, støtte frå lærarane og mobbetal. Læringskultur og elevmedverknad kan endå verte betre. Viser elles til *Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2015*.

Vaksenopplæringa:

---

Har hatt mange brukarar siste året. Inntektene/refusjon frå IMDI i samband med

---

flyktingar som deltek i Introduksjonsprogrammet er vanskeleg å kalkulere. Etter mottak av flyktingar måtte det tilsettast ein lærar for undervisning. Eininga har ikkje fått kompensert for denne meirkostnaden. Dette er ein del av årsaka til meirforbruket i eininga for 2016.

Sfo:

Tal brukarar varierer. I Eidsdal er tal brukarar så lavt at vedtektene pålegg administrasjonen å legge fram sak om vidare drift for politisk handsaming.

Barnehage:

Det er to barnehagar i kommunen: Dalsbygda barnehage med 17 barn og Syltebøen barnehage med 51 barn.

Tilbakemeldingane frå brukarane er positive. Vedtektene i høve til sommarstenging vart endra våren 2015, slik at ein kunne stenge dei to siste vekene i juli. Dette var ei føreseieleg ordning for brukarane og i høve til ferieavvikling for personalet. Avdeling Fjørå vart lagt ned hausten 2016.

I Dalsbygda barnehage varierer barnaletet slik at ein balanserer i høve behov for deling av barnegruppa og regulering av bemanningsressurs.

Kultur:

Det er tilsett kulturadministrator/rådgjevar i 40% stilling. I løpet av 2015 fikk denne stillinga ei koordinerande/rådgjevande rolle innan kulturområdet.

Frivilligsentral:

Det er tilsett 50% stilling som leiar for Frivilligsentralen. Frivilligsentralen i Norddal har på mange område nådd arbeidsmål for 2016.



Administrasjonen i kommunen nyttar Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert.

Kultur- og musikkskule:

Det er 3,0 stillingar og om lag 100 elevar i kultur- og musikkskulen. I tillegg til ordinær musikkundervisning leverer ein tenester til korpsa i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom kulturskulen og grunnskulane i kommunen, spesielt med tanke på planlegging, øving og gjennomføring av kabareen.

Bibliotek:

Det er 1.36 stilling i biblioteket. Etter opning av nytt bibliotek i Valldal har det vore stor auke i besøk og utlån. Ein har også etablert fleire aktivitetar knytt til biblioteket.. Ligg i fylkestoppen i høve til totale utlånstal.



Barnevern:

Her har det vore ein stor auke i tal saker og kompleksiteten i sakene er stor. Det er inngått ny avtale med Storfjorden Barnevern. Skodje kommune er vertskommune for samarbeidet. Økonomisk er det store utgifter til tiltak, men administreringskostnadane er låge.

PPT:

Ein har dei siste åra opplevd færre enkeltsaker, men kompleksiteten i ein del saker er omfattande og krev tiltak både på individ og systemnivå. Det er no tilgang på logopedkompetanse i Storfjorden PPT. Dette er av stor verdi for sektoren.

Eigarkommunane bør utvide logopedstillinga til full stilling

Siste året har vi også fått ein del saker i barnehagane. Dette er svært bra, då ein ser verdien av å kome tidleg inn når ein ser behov for ekstra oppfølging av barn med ulike vanskar. Dette sparar oss for utgifter og utfordringar seinare i skuleløpet.

---

# Årsmelding 2016

## Årsverk

	Årsmelding 31.12.2013	Årsmelding 31.12.2014	Årsmelding 31.12.2015	April 2016	01.jan. 2017 Bud.føresetnad
Valldal skule/SFO/VO	29,7	29,0	31,3	30,7	31,5
Eidsdal skule/SFO	11,8	12,4	12,0	11,9	11,0
Dalsbygda bhg	4,2	4,3	4,7	4,7	4,7
Syltebøen bhg	14,4	14,4	13,4	14,0	11,4
Kulturskulen	3,8	3,1	3,0	3,0	3,0
Kulturadm.	1,5	1,5	0,5	0,3	0,3
Frivilligsentral	0,5	0,5	0,5	0,5	0,5
Bibliotek	1,4	1,4	1,4	1,4	1,4
	67,3	66,6	66,8	66,5	63,8

## Økonomiske resultat

Skule, barnehage, kultur og barnevern	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Fellesområde skule/bhg	3 000 523	3 053 000	52 477	2
Valldal skule	16 961 641	16 255 254	-706 387	-4
Eidsdal skule	7 990 724	7 908 213	-82 511	-1
Dalsbygda barnehage	2 174 951	2 096 331	-78 620	-4
Syltebøen barnehage	5 939 620	6 217 292	277 672	2
Kulturskulen	1 280 225	1 162 132	-118 093	-9
Kultur	817 427	925 025	107 598	13
Frivilligsentralen	212 841	221 342	8 501	4
Bibliotek	926 326	917 332	-8 994	-1
Barnevern	1 537 628	1 320 000	-217 628	-4
<b>Sum</b>	<b>40 841 907</b>	<b>40 075 921</b>	<b>-765 986</b>	<b>-2</b>

## Utfordringar i tida som kjem

- Det er ei stor utfordring i å balansere inntekter og utgifter i drifta av sektoren. I samband med at inntektene har gått kraftig ned dei siste åra, har rammene til den enkelte eining vorte stadig knappare. At det no er knappe ressursar i einingane, avgrensar moglegheita til å sette inn ressursar til tidleg innsats, spesielt i skulane. Ein har gode erfaringar med å sette inn tilstrekkeleg med ressursar i dei minste årsstega, for å spare seg for ekstra utfordringar og utgifter til ekstraordinære tiltak seinare i utdanningsløpet.
- Det vil vere store vanskar med å rekruttere nye medarbeidarar med formell kompetanse i nær framtid. Samstundes som krava til undervisningskompetanse i skulane er innskjerpa, vil vi ha fleire tilsette i skulen med brei undervisningskompetanse som vil gå av med pensjon i løpet av dei komande åra.
- I samband med kommunereforma vil det verte behov for å finne framtidige samarbeidsstrukturar innan både PPT (Ørskog vertskommune) og Barnevern (Skodje vertskommune).

## Årsmelding 2016

- Etablere nye lokalitetar etter vedtak om flytting av Frivilligsentralen.
- Tilpassing av drifta og reduksjon i bemanningsressursen i samband med redusert barnetal.



## Helse og omsorg

### Mål

Helseavdelinga har ansvaret for kommunale/off. legeoppgåver, fastlegeteneste, helsestasjon for barn og unge, fysioterapi, ergoterapi, psykiatrisk sjukepleie og folkehelseteneste . Leiar av eininga er kommuneoverlegen

Sjukeheimen har ansvaret for medisinsk attføring, avlasting, permanent opphold, skjerma eining for senil demente, dagopphald, nattopphald og terminalpleie og er eiga eining med einingsleiar.

Heimetenesta har ansvaret for heimesjukepleie, praktisk hjelp i heimen og spesielt tilrettelagt heildøgns opphold for funksjonshemma. Elles eit tilbod om dagopphald for demente. Er eiga eining med einingsleiar.

NAV er ei samorganisering av kommunale og statlege tenester og gir eit avgrensa tilbod innanfor sosiale tenester.

### Hovudmålet for sektoren er:

Å gi alle som har rett til det, ei forsvarleg og tilpassa helsehjelp.

Når det gjeld dei konkrete delmåla, blir det vist til sektorplanen for 2016.

## Arsverk

Årsverksplan faste stillinger	Årsmelding 31.12.2013	Årsmelding 31.12.2014	30.09. 2015	April 2016	01.jan. 2017 Bud.føresetnad
Helse og omsorg					
Fellesområde helse/PLO			1,0	2,0	1,5
Helse	9,0	9,0	8,6	8,6	8,6
God helse			0,5	0,5	0,5
Kraftsenteret			0,5	0,5	0,0
Sosial-NAV	1,0	1,0	1,0	0,5	0,0
Pleie og omsorg – heimet.	37,6	37,5	37,9	33,2	33,7
Pleie og omsorg – instit.	40,5	40,5	38,7	34,5	34,7
Sum Helse og omsorg	88,1	87,9	88,2	79,8	79,0

Talet tilsette i sektoren vart over om lag 1,5 år redusert med 10 årsverk. Denne reduksjonen måtte bli modifisert noko mot slutten av 2016.

## Økonomiske resultat

Helse og omsorg	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Fellesområde helse/PLO	1 645 521	-1 825 970	-3 471 491	-211
Helse	8 281 045	7 923 082	-357 963	-3
Sosial-NAV	987 165	1 123 400	136 235	14
Pleie og omsorg - heimetenester	20 785 831	21 056 165	270 334	1
Pleie og omsorg - institusjon	22 076 479	22 839 283	762 804	3
Sum	53 776 041	51 115 960	-2 660 081	-5

## Årsmelding 2016

Når ein les desse hovudtala, må ein vere merksam på at det under budsjettførehavinga i desember vart lagt inn eit ikkje definert kutt på 4 mill. kr.



### Utfordringar i tida som kjem

Tida som kjem skil seg ikkje nemneverdig frå dei siste to åra:

- Ein må gå vidare med dei dei forbettingsområda som har vorte valde ut og seinare skrive ned i sektorplanen (for 2016 og -17) som særskilde prioriterte område. Dette krev ei strukturert leiing som ser det nødvendige med også å arbeide med langsiktige oppgåver.
- Omstille seg til heile tida å vurdere kva som rett tenestetilbod, og halde fram med å utvikle metodikk som sikrar dette.
- Auka krav til produktivitet vil krevje evne til nytenking og omstilling i sektoren.
- Ei vesentleg vanske er å rekruttere til ledige stillingar. Alle tilgjengelege reiskapar i dette arbeidet må takast i bruk; frå eigen løns- og personalpolitikk til eksternt rekrutteringsarbeid og interkommunale samarbeidstiltak. Rekrutteringsplan må lagast. Talet sjukepleiarar må aukast. Arbeid med å redusere sjukefråværet må ha sterkt fokus også i åra som kjem.
- For helseavdelinga gjeld det særskilt å halde tritt med dei krava til innhald og kvalitet som er varsla, og er planlagt som lovkrav for den kommunale helsetenesta.
- For både institusjon og heimetenesta gjeld at ein må sikre seg å vere ein del av den (velferds)teknologiske utviklinga, og dette arbeidet er særleg venta å auke farten i 2017.
- Omstilling er nøkkelordet for heimetenestene, med stadig profesjonalisering av avgjerder knytt til tilboda, og meir krevjande sjukepleie i heimen.

## Årsmelding 2016



## Teknisk, næring og miljø

### Mål for eit samla TNM

- Eit mål skal alltid vere å klare utfordringane knytt til vedteke budsjett. Det har vore skore ned på driftsmidlane, og oppgåveløysinga vert sett under stort press.
- Målsetting for eininga vert å halde tidsfristar og vere ajour i sakshandsaminga. Ein vil arbeide framoverretta og fortsette med administrativ likebehandling i saker.
- Verdibevaring av eigedomar ved rett drift og vedlikehald. Tilfredstillande drift på eit minimalt areal.

### Mål for landbruk og næringssdelen

Strategisk Næringsplan vedteke av kommunestyret 23.06.2016 har denne målformuleringa:

Norddal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.

Vidare er det utforma 3 delmål:

1. Fleire og meir overlevingsdyktige bedrifter
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketallet med minst 50 innbyggjarar

Denne målformuleringa er fundamentet til kommunen sitt næringsarbeid.

Fjordhagen AS fekk utvida rolle knytt til næringsarbeidet og starta arbeidet siste halvår 2016.

For næringstenestene er det ytt tilskot til Fjordhagen AS frå næringsfondet der dei skal vere kommunens representantar innan mange områder.

Handlingsplanen for utføring av næringstenestene har slike hovedpunkt:

- Hoppid.no rådgjeving inntil 315 timer.
- Utvikling og innovasjon i eksisterande bedrifter inntil 65 timer
- Grunnarbeid for næringsutvikling inntil 665 timer
- Vertskapsfunksjon, dørropnarteneste inntil 94 timer
- Arbeid knytt til Destinasjon Ålesund- Sunnmøre inntil 82 timer
- Visningstur lokale bedrifter kjennskap til kvarandre inntil 12,5 timer
- Livskraftportalen og digital turistinformasjon inntil 126 timer

Kontakt med Fjordhagen er ivareteke med faste møter i kontaktutvalget for næringstenestene. Her sit ordførar, rådmann, kommunalsjef og ein representant frå næringsforumet i tillegg til Dagleg leiar i Fjordhagen AS.

### Mål for TSSN

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.11, og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

Avdelinga har ansvar for områda plan (reguleringssplan og kommuneplan), bygg (byggesakshandsaming) og oppmåling (matrikksaker, målegrunnlag, kartverk). Arbeid med grunnerverv er lagt til avdelinga. Brannvern, feiing og oljevern er og lagt til avdelinga. I tillegg har avdelinga hatt fleire oppgåver på investeringssida med planlegging og gjennomføring av anlegg.

## Årsmelding 2016

Har vidare ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunaltekniske oppgåver som veg, vann, avløp, renovasjon, park og anlegg samt eigen maskinpark.

### Årsverk

Årsverk faste stillinger	Årsmelding 2014	Årsmelding 2015	Årsmelding 2016	Budsjett 2017
Fellesområde			1	1
Teknisk drift	3,5	4	4	4
Plan Bygg Oppmåling	2	1	2	2
Brann mannskap			0,7	0,7
Næring	2,8	2	2	1,5
Eigedomsforvaltning	12,5	12,4	10,4	8
Sum årsverk			19,47	17,2

Årsverka viser ikkje reelt disponibelt mannskap i avdelinga. Samarbeidet med Stordal kommune gjer at ingeniørar i TSSN vert fakturert mellom kommunane etter fordelingsnøkkelen basert på folketal. Dette gjer at tabellen for Teknisk drift og PBO vert slik:

Stillingar i TSSN	Norddal	Stordal	Årsverk
Planleggar	60 %	40 %	1
Byggesak / brannleiar Norddal	60 %	40%	1
Ingeniør FDV	60 %	40 %	1
Oppmåling/ matrikkelføring	60 %	40 %	1
Byggesak /brann Stordal	30 %	20 %	0,5
Konst. teknisk sjef Stordal	60 %	40 %	1

Stordal 3,5 årsverk Norddal 3 årsverk.

## Årsmelding 2016



## Økonomiske resultat

Teknisk, næring og miljø	Regnskap 2016	Budsjett 2016	Avvik	Avvik i %
Fellesområde TNM	721 562	838 000	116 438	16
Teknisk drift	5 747 480	5 063 740	-683 740	-12
TSSN	0	60 000	60 000	0
Teknisk drift - sjølvkost	-299 047	-400 000	-100 953	34
Plan bygg oppmåling	971 244	958 562	-12 682	-1
Brann og oljevern	2 942 666	2 507 730	-434 936	-15
Næring	796 809	416 214	-380 595	-48
Eigedomsforvaltning	8 645 470	8 517 988	-127 482	-1
<b>Sum</b>	<b>19 526 185</b>	<b>17 962 234</b>	<b>-1 563 951</b>	<b>-8</b>

## Årsomtale TSSN

Stillinga som planleggar har vore vakant i perioden 1.jan – 15.sept, og stilling som leiar for TSSN har pga permisjon vore vakant 15.sept –d.d. Dette har påverka avdelinga sin kapasitet. Det har og vore uheldig at ein i denne perioden ikkje har hatt felles leiar for Stordal/Norddal.

I 2016 vil ein nemne desse resultata:

- Arbeid med og vedtak av reguleringsplan for Almstad del av 33/4
- Arbeid med og vedtak av reguleringsplan for FV.63 Korsmyra - Indreeide
- Asfaltering Ødegårdkrysset
- Ras/utbetring av veg på Grønning
- Ras/flaumskader Lingeåsen/Murihøgda



## Årsmelding 2016

- Tilknyting fjernvarmeanlegg til hotellet
- Ferdigstilling av tilkomst og uteområde rundt hotellet
- Planarbeid/grunnforhandlingar for nytt grunnvassanlegg
- Anbod/nye kontraktar for vintervedlikehald for perioden 2016 - 2020
- Arbeid med planregister, herunder digitalisering av gamle reguleringsplanar
- Vidare arbeid med prosjekt for digitalisering av leidningsnett og kummar
- Større vedlikehald reduksjonskummar vassleidningsnett
- Utskifting til led-lys
- Gjennomføring av brannøvingar begge brannverna og feieneste (feiing/tilsyn).
- Opplæring av brannmannskapet saman med helse/politi – PLIVO
- Ulykke med turistbuss på Grønning, 41 passasjerar, sette brannvernet/omsorgsgruppe/ krieseleiing på prøve (1 omkomen)
- Kontinuerleg utført oppgåver innan oppmåling/deling, byggesak, dispensasjonssøknader/saker, søknader/ sal av kommunale tomter, abonnement vatn/avløp/ renovasjon



## Arsomtale egedomsdrift

- I 2016 vart det oppretta kommunalsjefstilling for Teknisk, Næring og Miljø.
- TNM har tilrettelagt for felles barnehage i Syltebøen etter barnehagen vart nedlagt i Fjørå. Nytt kjøkken som er tilpassa drifta er på plass og ny større garderobe er bygd om frå lager til garderobe. Leikeskur og kaptein Sabeltannbåt er og flytta og har fått ny plassering i Syltebøen Barnehage.
- Martin Linge-huset med idrettshall , kultursal ,kulturskule, nytt kjøkken, og tilhøyrande rom for utleige vart ferdigstilt og hadde offisiell opning 1.oktober. Mange dugnadstimar vart lagt ned, takka vere innbyggjarane og tilsette i Norddal kommune.
- Dalsbygda barnehage har fått pussa opp leikerom og stove.
- Legebustad i vika har og fått ei opp gradering både innandørs og utandørs.
- Tafjord Friluftsbad hadde ein normal sesong med ca. 8000 besøkande.
- Prosjekt som gir støtte til eksisterande bygg og anlegg er ferdigstilt. Dette var ordningar gjennom Enova som samla ga ei støtte på 920 000 kr.
- Arbeid med tippemidlar frå utbygging av leikeplassar har og ført til støtte på 600 000 kr.

### Utfordringar i dei nærmaste åra for eit samla TNM

- Halde oppe tempo i høve digitalisering og raske endringar i arbeidsoppgåvene
- Samkøyring av funksjonar ved bygging av ny kommune
- Mange lovpålagde oppgåver som vert utfordrande å klare etter nedskjeringar
- Veg og overflatevatn har store utfordringar etter at vi får meir ekstremver
- Brann ser ei utfordring i å rekruttere deltidsmannskap, færre innbyggjarar å velje i.
- Oppmåling, spennande korleis det endar med oppmåling- kan bli statleg.
- Planlegging, utfordrande å arbeide med gamle saker, ynskjer å utvikle og kome vidare
- Har som mål å klare å produsere planar, men tida strekk ikkje til, gamle saker, advokatarbeid
- Utfordrande Å BLI FERDIG MED EI SAK !
- Nytt sakshandsmarsystem for produksjonstilskot blir innført i 2017. Det er vidare usikkert kva som skjer vidare med regionalt miljøprogram (RMP).
- Å bli sitjande med bygg som ikkje vert nytta
- Bustadar for kommersiell utleige og behovsbustadar til ulike typar brukarar.
- Høg gjennomsnittsalder i avdelinga, og utfordrande å klare overføringa av kunnskap til neste generasjon i ein hektisk kvar dag.
- Implementere IK-Bygg i drifta. Ikkje dyrt, men omfattande å implementere. Kan legge inn for både teknisk drift og byggdrift .(60% av alle kommunar har dette i bruk)



### Utfordringar i tida som kjem innan Landbruk og næring

Næringsjefen har mange arbeidsoppgåver som næringsarbeid inkl. tradisjonelt landbruk, viltarbeid, utmarksforvaltning og miljørarbeid. Å løyse desse oppgåvene krev gode fagmiljø og interkommunalt samarbeid. At Stordal og Norddal kommune har vedteke å slå seg saman frå 2020 reiser også mange spørsmål. Korleis skal landbuketenestene utviklast vidare ?

## Årsmelding 2016

Norddal kommune har i dag eit samarbeid med Nordre Sunnmøre Landbrukskontor der ein kjøper skogtenester.

Norddal kommune er miljøfyrtaarn kommune, Grøn Fjord partnar, er med i USS (Utmarkskommunenes Samanslutning), er nasjonalparkkommune og har i tillegg store areal innanfor Geiranger Herdalen landskapsvernområde. Kommunen ligg sentralt til mellom Trollstigen og Geiranger. Vi må framover ta eit mykje større ansvar når det gjeld miljøsatsingar og miljøtiltak for ei berekraftig og grøn utvikling. Kulturlandskapet er utsett på grunn av attgroat. Tiltak for meir beiting, rydding og hogst må intensiverast.

Vestsida av Nasjonal Turistveg ligg utanfor yngleområdet for jerv og austsida innafor. Ei unaturleg grensesetting der jerven må halde seg på rette sida av vegen. Ei sterk beitenærer er viktig for kulturlandskapet og da er det viktig å finne god balanse mellom rovdyr og husdyr.

Ei anna stor utfordring er folketalsutvikling og busetting i kommunen. Fleire gardsbruk som ikkje vert drivne må omsetta slik at ungdommen slepp til. Eit landbruk med mange-sysler basert på eigne råvarer og ressursar vil gi nye og spennande arbeidsplassar på bygdene.

Ei utfordring er at forvaltninga innan tilskotsordningane meir og meir går frå å vere eit rådgjevande organ til å bli eit kontrollorgan. Dette er eit resultat av meir digitalisering av tenestene. Denne utviklinga har både sine fordelar og ulemper.

### **Utfordringar for TSSN i tida som kjem**

Etter fleire år med samarbeid arbeider ein fortsatt mykje etter to «system», grunna to kommunar med ulik oppbygning og struktur.

I samband med vedteken kommunesamanslåing mellom Norddal og Stordal, bør ein no byggje vidare på opparbeid erfaring med samarbeidet. Det må no leggast større vekt på å dra nytte av dei samdriftsfordelane som er tilstade. Nemner særleg då utvikling av sams planverk, retningslinjer, saksmalar, gebyrregulativ, datasystem etc.

Driftspersonale er i stor grad halde utanfor samarbeidet. Medan TSSN omfattar heile den administrative delen for tekniske tenester for Stordal, blir TSSN i Norddal ein «etat i etaten». Mogeleg kan meir her bli likt.

# Årsmelding 2016

## Kommunestyret - saker i 2016

Adm.enh	Sbh	Journaltittel	Saksnr
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'001/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'002/16
RÅDM	THST	Kommunereform - retningsval for Norddal kommune	'003/16
KULT	AUOD	Kulturplan 2016 - 2020	'004/16
SERVT	BEOS	Suppleringsval - Råd for menneske med nedsett funksjonevne	'005/16
KULT	AUOD	Suppleringsval - styremedlem Severinbrauta 2016 - 2019	'006/16
SERVT	BEOS	Suppleringsval til næringsfondstyre for perioden 2015 - 2019	'007/16
SERVT	BEOS	Årsmelding for 2015 - Norddal eldreråd	'008/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'009/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'010/16
RÅDM	THST	Kommunereform - ståstad og vidare prosess	'011/16
RÅDM	THST	Namn på bygg for idrett og kultur	'012/16
KF	ASEI	Løyving til branntekniske tiltak i bygning for idrett og kultur	'013/16
PBO	EILI	Reguleringsplan Almstad, del av 33/4 mfl. PlanID 201403.	'014/16
RÅDM	THST	NAV Storfjorden - ny samarbeidsavtale	'015/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Tonga Gardsbryggeri AS	'016/16
SERVT	BEOS	Godtgjersle til forhandlingutval for kommunereformen og prosjektgruppe for analyse av pleie og omsorg	'017/16
KULT	BJKL	Godkjenning av årsmelding 2015 for Frivilligcentralen i Norddal	'018/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'019/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'020/16
RÅDM	ANNY	Kjøp av lokaler til fjernvarmeproduksjon	'021/16
RÅDM	ANNY	Førebuing til eigedomsskatt for heile kommunen i 2017	'022/16
RÅDM	HESV	Analyse av pleie- og omsorgstenestene - rapport	'023/16
RÅDM	THST	Kommunereform - intensjonsavtale og rådgjevande folkeavrøysting	'024/16
TNM	YNHO	Endring av beredskapslengde på brøyteteneste fra hausten 2016	'025/16
RÅDM	KABI	Ny samarbeidsavtale om interkommunalt barnevern for kommunane Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje	'026/16
SERVT	BEOS	Val av representant og vara til styret i Storfjord helsecenter AS	'027/16
SERVT	BEOS	Val av representant og vara i styret for Muritunet AS	'028/16

## Årsmelding 2016

RÅDM	THST	Årsmelding for 2015 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	'029/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'030/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av folkerøystinga i høve kommunereformen i Norddal kommune 19. mai 2016	'031/16
RÅDM	ANNY	Finansrapport for 2015	'032/16
RÅDM	ANNY	Førebuing til eigedomsskatt for heile kommunen i 2017	'033/16
RÅDM	ANNY	Kontrollutvalet - kostnader og støtte Valldal Fjernvame AS	'034/16
TNM	EILI	Reguleringsplan fv 63 - Korsmyra - Indreeide	'035/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Sail in AS	'036/16
RÅDM	KABI	SFO Eidsdal skule 2016-2017	'037/16
RÅDM	KABI	Syltebøen barnehage-tilpassing av drifta	'038/16
TNM	HIDY	Vidareføring av mandat og møtegodtgjersle for styringsgruppa - Martin Linge-huset	'039/16
SERVT	BEOS	Val av meddommarar i Tingretten for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020	'040/16
SERVT	BEOS	Val av utval av lagrettemedlemar og meddommarar til Lagmannsretten for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020	'041/16
SERVT	BEOS	Framlegg på val av skjønnsmedlemar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020	'042/16
SERVT	BEOS	Val av jordskiftemeddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020	'043/16
SERVT	BEOS	Forslag på representant til styret for Vitafjord AS	'044/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'045/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'046/16
RÅDM	ANNY	Tertialrekneskap per april 2016	'047/16
RÅDM	ANNY	Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2015 - Norddal kommune og Norddal Eigedomsselskap KF	'048/16
RÅDM	THST	Kommunereform - endelig vedtak	'049/16
TNM	TORK	Strategisk næringsplan 2016 - 2026 for Norddal kommune	'050/16
TNM	HIDY	Tilskot til næringsutvikling Norddal kommune- Fjordhagen AS	'051/16
TNM	HIDY	Reglement for utleige/lån av Martin Linge-huset	'052/16
FELLES	MAGR	Eigardel - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	'053/16
SERVT	BEOS	Stortings- og sametingsvalet 2017 - fastsetting av valdag	'054/16
SERVT	BEOS	Møteplan 2. halvår 2016 - Kommunestyre, formannskap og planutval	'055/16

## Årsmelding 2016

HELSE	KRST	Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Norddal kommune 2016-2020 - godkjenning	'056/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Muri Mat AS 2016-2020	'057/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Coop Orkla Møre SA 2016-2020	'058/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Th Ytterdal 2016-2020	'059/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Valldal Mat AS 2016-2020	'060/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Alf Tafjord Landhandel 2016-2020	'061/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Storås Handel 2016-2020	'062/16
FELLES	MAGR	Salsløyve alkoholhaldig drikk - Tonga Gardsbryggeri AS 2016-2020	'063/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Cafe under Taket 2016-2020	'064/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Fjellro Turisthotell AS 2016-2020	'065/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Jordbærstova AS 2016-2020	'066/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Juvet Landskapshotell 2016-2020	'067/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Kulå Bowling AS 2016-2020	'068/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Lupinen kafe, Muritunet 2016-2020	'069/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Melchiorgarden 2016-2020	'070/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Petrines Gjestgiveri 2016-2020	'071/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Reindalsseter Turisthytte 2016-2020	'072/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Sail in 2016-2020	'073/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Solfjord 2016-2020	'074/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Tafjord Båthamn og Camping AS 2016-2020	'075/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Tafjordnaustet 2016-2020	'076/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Tonga Gardsbryggeri AS 2016-2020	'077/16
FELLES	MAGR	Skjenkeløyve - Valldal Fjordhotell Drift AS 2016-2020	'078/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'079/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'080/16
RÅDM	KABI	Tilstandsrapport for grunnskulen i Norddal 2015	'081/16
RÅDM	KABI	Saksgang ved mistanke om vald og overgrep	'082/16
RÅDM	KABI	Rutine for heilskapleg ivaretaking av barn i fosterheim	'083/16

## Årsmelding 2016

RÅDM	KABI	Rapport Storfjorden barnevern	'084/16
RÅDM	ANNY	Finansrapport for 1. tertial 2016	'085/16
TNM	LASM	Byggeskikk nemnda sine funksjonar - budsjettmidlar	'086/16
TNM	TRAL	Parkeringsplass Valldal Fjordhotell	'087/16
TNM	ASEI	Framtidig bruk av Fjørå skule	'088/16
SERVT	BEOS	Val av forliksrådsmedlemmar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020	'089/16
SERVT	BEOS	Søknad om fritak frå verv som meddommar	'090/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'091/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'092/16
RÅDM	ANNY	Rekneskapsrapport per august 2016	'093/16
RÅDM	ANNY	Avdragsregulering lån i Kommunalbanken	'094/16
TNM	ASEI	Avslutning og fullfinansiering av Martin Linge huset	'095/16
RÅDM	ANNY	Reduksjon i årsverk som krev politisk vedtak	'096/16
RÅDM	THST	Kommunereform - forlenga periode for forhandlingsutval	'097/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'098/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'099/16
SERVT	BEOS	Plan for selskapskontroll	'100/16
SERVT	BEOS	Tilskot til politiske parti/grupperingar - fjerning av kommunal løyving	'101/16
SERVT	BEOS	Reduksjon i eigedomsskatt på verk og bruk - uttale frå Norddal kommunestyre	'102/16
SERVT	BEOS	Nedstenging av FM nettet og skifte til DAB Radio - uttale frå Norddal kommunestyre	'103/16
SERVT	BEOS	Godkjenning av møtebok	'104/16
SERVT	BEOS	Referatsaker	'105/16
SERVT	BEOS	Møteplan 1. halvår 2017 - kommunestyre, formannskapet, planutvalet	'106/16
KULT	AUOD	Vedtekter og implementering av rammeplan for kulturskulen	'107/16
RÅDM	ANNY	Betalingsatsar for 2017	'108/16
RÅDM	ANNY	Eigedomsskatt for heile kommunen 2018	'109/16
RÅDM	ANNY	Budsjett 2017 og økonomiplan 2017 - 2020	'110/16
SERVT	BEOS	Tilkopling mellom Rv 15 - Strynefjellsvegen og Fv 63 (mellan Geiranger og Oppland grense) - høyringsuttale frå Norddal kommune	'111/16

**Utvalde nøkkeltal KOSTRA**

<b>Utvalde nøkkeltall, kommunekonsern - nivå 1</b>	1524 Norddal		
	2016	2015	2014
<b>Finansielle nøkkeltall</b>			
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1	0,3	-1,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,7	-1,7	-1,9
Frie inntekter i kroner per innbygger	69 954	68 505	67 534
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	296,6	305,6	273,8
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	14,2	24,2	17,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	161 313	159 194	141 436
<b>Prioritering</b>			
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	140 342	123 562	118 584
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger	19 194	20 680	20 616
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	6 189	6 551	5 860
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	27 954	27 643	29 825
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	874	489	1 302
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4 361	4 591	2 768
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	10 144	9 680	10 607
<b>Dekningsgrad</b>			
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	93,2	91,2	85,4
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	13,9	11,6	11,5
Legeårsværk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8,5	18,2	17,9
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	4,8	13,2	11,3
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	18,1	15,4	16,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,4	2,4	1,5
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4	6,2	7,2
Sykkel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	18	103	107
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	39	21	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	1,2	1,21	1,19
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>			
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	173 515	160 568	162 921
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	161 058	158 586	149 400
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	8,1	7,8	9
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	344 921	292 432	302 656
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 074 464	1 168 038	994 118
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4 807	4 608	4 650
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 323	1 324	897
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3 299	3 299	3 188
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg.	..	185	200
Kalenderdager	45	42	42
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom.	..	..	..
Kalenderdager	..	..	..
Bto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate	157 826	147 089	146 111
<b>Lovanvendelse</b>			
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	100	100	100